

Kom og møt biskop Nordhaug i Uskedal kyrkje i kveld, onsdag 26. september kl. 19.

25.09.2018



Biskop Nordhaug gjestar Uskedalen i dag med møte og temakveld i kyrkja.

I dag, onsdag 26. oktober, er biskop Halvor Nordhaug klar for Uskedalen. fyrst i eit møte med bedehusa og indremisjonslaga i kommunen, seinare på temakveld i Uskedal kyrkje kl. 19. Innleiinga til Nordhaug har tittelen Kor kristent skal Noreg vera. Saman med filosofen Syse har biskopen skrive bok med same tittel. Etter føredraget vert det kyrkjekaffi, samtale og høve til å stilla spørsmål.

Halvor Nordhaug seier i samtale med uskedalen.no at tema er ein ynskje frå kyrkja i Kvinnherad. I innleiinga vil han sei noko om: Kva er den kristne og humanistiske kulturarven og kva verknad har kristendomen hatt for landet og for vårt tankesett. Nordhaug vil i føredraget sitt hevda at det vi reknar som norske verdiar, har sin bakgrunn i den kristne kulturarven. Det kan vera verdiar som til dømes demokrati, fridom og likestilling.

Soknerådet i Uskedalen har god erfaring med temakveldar. Ein legg opp til same regien slik det er gjort før. Kantor Eva Megyesi spelar til opning. Kyrkjekoret Nordsaang framfører to korte salmar. Temakvelden vert avslutta med salmen Engang før du selv kan minnes, skriven av Liv Nordhaug, mor til biskopen.

Kom og ver med på ein innhaldsrik temakveld i Uskedal kyrkje i kveld kl. 19.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Bjørgvin bispedøme/ Kristian Bringedal



Soknerådet i Uskedalen har etterkvart god erfaring med tilskiping av temakveldar. Kom og ver med på ein minnerik kveld.